

# **SEKOM-sekretariat/Vest kontroll**

## **Innkalling til felles kontrollutvalsmøte**

**Utval:** Hornindal og Volda kontrollutval  
**Møtestad:** Hornindal kommunehus, kommunestyresalen  
**Dato:** 11.3.2019  
**Tid:** Kl. 12:30 – startar med enkel lunsj

### **Sakliste**

- 1) Val av møteleiar
  - a. Framlegg frå sekretariata om Rasmus Kirkhorn
- 2) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 3) Referatsaker:
  - Møteprotokollar frå fellesnemnda 6.12., 10.1. og 7.2.
- 4) Informasjon frå prosjektleiar Rune Sjurgard
  - a. Status i samanslåingsprosessen pr. i dag
  - b. Arbeid vidare
  - c. Økonomi
  - d. Kvalitetssystem
- 5) Vidare opplegg/møtedato hausten 2019?

Med helsing

Arnar Helgheim  
SEKOM-sekretariat

Jostein Støylen  
Vest kontroll



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Gymsal, Austefjord skule  
**Dato:** 06.12.2018  
**Tid:** 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Arne Folkestad	MEDL	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Odd Arne Folkestad	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Prosjektleiar nye Volda/Rådmann Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann Hornindal
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef nye Volda
Svein Berg-Rusten	Kommunalsjef helse og omsorg nye Volda
Astrid Dimmen	Leiar, Heimetenestene i Volda

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 52/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 53/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 54/18	<b>Møteplan for fellesnemnda i 2019</b>
PS 55/18	<b>Budsjett 2019 - Prosjektmidlar Nye Volda</b>
PS 56/18	<b>Prosjekt velferdsteknologi</b>
PS 57/18	<b>Skyggebudsjett Nye Volda 2019-2022</b>
PS 58/18	<b>Uttale til Volda formannskap si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 for Volda kommune</b>
PS 59/18	<b>Uttale til Hornindal formannskap si innstilling til økonomiplan 2019-2022/ budsjett 2019</b>
PS 60/18	<b>Samarbeid brannvern Søre Sunnmøre – Utgreiing</b>
PS 61/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 52/18	<b>Prosjektskisse for utgreiingsbehov i samband med grensejustering av Bjørke og Viddal</b>
OS 53/18	<b>Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre - prosjekt.</b>
OS 54/18	<b>Høyring om justering av politidistriktets indre organisering</b>
OS 55/18	<b>Orientering om status for oppseiing av avtaler</b>
OS 56/18	<b>Ordførarkjede for nye Volda kommune</b>
OS 57/18	<b>Grafisk profil - trinn 1: Profilskilddring</b>

## **PS 52/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling:

Ingen merknadar.

#### Sakliste:

Ingen merknadar.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

## **PS 53/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Brynhild Lund Notøy med merknad til sak PS 47/18 om at Venstre har falt ut av oppsettet til valstyret for nye Volda. Administrasjonen vil korrigere dette i protokollen.

### **Røysting:**

Protokoll frå sist møte samrøystes godkjent med den merknaden som ligg føre.

## **PS 54/18 Møteplan for fellesnemnda i 2019**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til møteplan slik det går fram av saksutgreiinga.**

### **Handsaming:**

Margrete Bjerkvik og Brynhild Lund Notøy med innspel om at Fellesnemnda kan vere innom både Lid og Mork i staden for berre éi av grendene.

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, kom med eit innspel om å byte om møtedato for Ulvestad og Folkestad etter eit innmeldt ønskje frå Odd A. Folkestad i forkant av møtet.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding med endringar frå Bjerkvik, Notøy og Lødemel vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

Fellesnemnda sluttar seg til følgjande møteplan for 2019:

<b>Dato</b>	<b>Stad</b>	<b>Førebels tidspunkt</b>
Torsdag 10. januar 2019	Ulvestad	15:00
Torsdag 7. februar 2019	Folkestad	15:00
Torsdag 7. mars 2019	Lid (Fellesnemnd) Mork (Folkemøte)	15:00

Torsdag 4. april 2019	Grodås	14:00
Torsdag 9. mai 2019	Volda	14:00
Tysdag 18. juni 2019	Grodås	14:00
Torsdag 5. september 2019	Volda	14:00

## **PS 55/18 Budsjett 2019 - Prosjektmidlar Nye Volda**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda godkjenner budsjett 2019 slik det ligg føre i saksframlegget.

### **Handsaming:**

Eldar Engelund med eit innspel om det vil verte gitt midlar til partistøtte/folkevaldopplæring i den nye kommunen. Fellesnemnda var samde i at dette kunne vere nyttig. Jørgen Amdam med framlegg om leggje til eit punkt i vedtaket om å setje av 100.000,- i budsjettet til folkevaldopplæring.

Dan Helge Bjørneset kom også med innspel om at ein ved årsskiftet 2019/2020 bør markere samanslåinga med ei stor hending. Odd Harald Sundal, som er leiar for Temakomiteen for Kulturbygging, kom med forslag om at kostnadar til ei slik hending kan gå inn i budsjettet til kulturbyggingskomiteen.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding med tilleggspunkt frå Jørgen Amdam vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

Fellesnemnda godkjenner budsjett 2019 slik det ligg føre i saksframlegget med følgjande tilleggspunkt:

*«Det vert lagt inn kr 100.000,- i budsjettet til folkevaldopplæring.»*

## **PS 56/18 Prosjekt velferdsteknologi**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Fellesnemnda godkjenner prosjektplanen for innføring av velferdsteknologi i nye Volda.**
- 2. Fellesnemnda går inn for oppretting av prosjektleiarstilling i 80% stilling i perioden 01.01.2019 til 31.12.2020.**

**Handsaming:**

Komande kommunalsjef for sektor Helse og Omsorg Svein Berg-Rusten møtte for å orientere om prosjektet og svare på spørsmål frå Fellesnemnda.

**Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

1. Fellesnemnda godkjenner prosjektplanen for innføring av velferdsteknologi i nye Volda.
2. Fellesnemnda går inn for oppretting av prosjektleiarstilling i 80% stilling i perioden 01.01.2019 til 31.12.2020.

**PS 57/18 Skyggebudsjett Nye Volda 2019-2022****Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda vedtek å ta Nye Volda sitt skyggebudsjett for 2019-2022 til vitende.

**Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjugard og økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte om skyggebudsjettet og svarte på spørsmål frå Fellesnemnda.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

Fellesnemnda tek Nye Volda sitt skyggebudsjett for 2019-2022 til vitende.

**PS 58/18 Uttale til Volda formannskap si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 for Volda kommune****Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda tek formannskapet si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 for Volda kommune til vitande.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

Fellesnemnda tek formannskapet si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 for Volda kommune til vitande.

## **PS 59/18 Uttale til Hornindal formannskap si innstilling til økonomiplan 2019-2022/ budsjett 2019**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda tek formannskapet si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 til vitande

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

Fellesnemnda tek formannskapet si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 til vitande

## **PS 60/18 Samarbeid brannvern Søre Sunnmøre - Utgreiing**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda syner til saksutgreiinga under og er i utgangspunktet positive til meir samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre. Likevel må kommunen avvente ei evt. deltaking i det omtalte samarbeidet til ein har kome lenger i prosessen med Nye Volda.**

**Volda kommune ber om observatørstatus i samband med utgreiingsarbeidet.**

### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om bakgrunnen for saka, og viste til vedtak i Ulstein kommunestyre den 29.11.2018 der Ulstein kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisering brannvernssamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.12.2018**

Fellesnemnda syner til saksutgreiinga under og er i utgangspunktet positive til meir samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre. Likevel må kommunen avvente ei evt. deltaking i det omtalte samarbeidet til ein har kome lenger i prosessen med Nye Volda.

Volda kommune ber om observatørstatus i samband med utgreiingsarbeidet

## **PS 61/18 Orienteringssaker**

## **OS 52/18 Prosjektskisse for utgreiingsbehov i samband med grensejustering av Bjørke og Viddal**

### **OS 53/18 Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre - prosjekt.**

Fellesnemnda tykte det var positivt at temaet om kollektivløysingane vert sett på dagsordenen, og at det er stort behov for eit godt kollektivtilbod i den nye kommunen og i regionen generelt.

### **OS 54/18 Høyring om justering av politidistriktets indre organisering**

### **OS 55/18 Orientering om status for oppseiing av avtaler**

#### **Handsaming:**

Dokument vart delt ut i møtet: «Status samarbeidsavtalar».

Ann Kristin Langeland orienterte om arbeidet med å seie opp interkommunale avtalar som Hornindal kommune er ein del av i dag. Desse oppseiingane vil gjelde frå 01.01.2020.

Langeland orienterte om at følgjande avtalar vil verte oppsagde fortløpande:

Nordfjorderrådet, NoMil, Nordfjord IUA, Kommunerevisjonen Nordfjord og SEKOM, Nordfjordnett (men ein ønskjer å behalde eigarskapen i Nordfjordfiberen), Alarmsentralen i Sogn og Fjordane, Krisesenteret i Sogn og Fjordane, Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, SMISO, Legevakt/legevaktformidling, KAD, Kreftkoordinator, Ambulant team, Førebyggjande brannvern.

I tillegg er det tilrådd av Langeland å halde fram medlemskap i LVK (Landssamanslutninga av vasskraftkommunar) som nye Volda tek over, og at ein beheld medlemskapen i Visit Nordjord der nye Volda overtek aksjane som Hornindal eig i dag.

### **OS 56/18 Ordførarkjede for nye Volda kommune**

#### **Handsaming:**

Skisse av det endelege ordførarkjedet vart delt ut til Fellesnemnda som orientering. Utforminga skal opp til politisk handsaming på første møte i 2019.

### **OS 57/18 Grafisk profil - trinn 1: Profilskildring**

Fellesnemnda slutta seg til notatet som vart utarbeidd i samarbeid mellom administrasjonen og Grafia reklamebyrå, med nokre tilleggspunkt.



Reklamebyrået vert no sett i gang med arbeidet, og ein tek sikte på det vert lagt fram 2-3 konseptforslag til ny grafisk profil på møtet den 10. januar 2019.

Møtet slutt kl. 17.38

Rett utskrift,  
Volda kommune  
Samfunn og rådgjeving

07.12.2018

Joakim Rødven  
Sekretær



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Klasserom, Ulvestad skule  
**Dato:** 10.01.2019  
**Tid:** 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Arne Folkestad	MEDL	FRP
Sølvi Dimmen	MEDL	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunnar Strøm	Sølvi Dimmen	SV
Dan Helge Bjørneset	Odd Arne Folkestad	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann, Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann, Hornindal

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 1/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/19	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 3/19	<b>Justering av helseforetaksgrense</b>
PS 4/19	<b>Høyring til Fellesnemnda - Samanslåing av Volda og Hornindal kommuner og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin</b>
PS 5/19	<b>Ordførarkjede for nye Volda kommune</b>
PS 6/19	<b>Orienteringssaker</b>
OS 1/19	<b>Grafisk profil trinn 2 - val av retning</b>
OS 2/19	<b>Forslag om ny prosess til slagord for Nye Volda kommune</b>
OS 3/19	<b>Oppseiing av samarbeid om felles kommuneoverlege.</b>
OS 4/19	<b>Ekonom-samband mellom Volda rådhus og Smia på Grodås</b>
OS 5/19	<b>Konkurransen - økonomisk utgreiing - grensejustering mellom Volda og Ørsta kommunar</b>

## **PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling:

Ingen merknadar.

#### Sakliste:

Ingen merknadar.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

## **PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Ingen merknadar.

### **Røysting:**

Protokoll frå sist møte samrøystes godkjent.

## **PS 3/19 Justering av helseforetaksgrense**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Nye Volda kommune vil nytte Volda sjukehus som nær/akutt-sjukehus. Fylkestilknyting og kommunesamarbeid gjer at Volda sjukehus bør ligge under Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge også framover. Nye Volda ber derfor Helse Midt-Norge justere føretaksgrensa slik at Nye Volda blir ein del av Helse Midt Norge RHF.

### **Handsaming:**

Dan H. Bjørneset fremja synspunkt om at vedtaket i sterkare grad bør understreke viktigheita for regionen å ha Volda sjukehus og tenestetilbodet ved sjukehuset.

Administrasjonen ved prosjektleiar Rune Sjurgard kom med framlegg til nytt punkt 2 og 3 i den opphavelige tilrådinga. Nytt framlegg til vedtak frå administrasjonen vert lydande:

*«Nye Volda kommune vil nytte Volda sjukehus som nær/akutt-sjukehus. Fylkestilknyting og kommunesamarbeid gjer at Volda sjukehus bør ligge under Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge også framover. Nye Volda ber derfor Helse Midt-Norge justere føretaksgrensa slik at Nye Volda blir ein del av Helse Midt Norge RHF.»*

*Volda sjukehus er avgjerande viktig for helsetilbodet og beredskapen for innbyggjarane i regionen. Volda sjukehus yter gode og effektive tenester. Fellesnemnda ber om at tilbodet ved Volda sjukehus vert oppretthalde.*

*Volda kommune har ved fleire høve bedt om faste møter med helseføretaket utan å få svar, og Fellesnemnda ber om at eit slikt møte kjem i stand i nær framtid.»*

**Røysting:**

Administrasjonen si tilråding samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 10.01.2019**

Nye Volda kommune vil nytte Volda sjukehus som nær/akutt-sjukehus. Fylkestilknytning og kommunesamarbeid gjer at Volda sjukehus bør ligge under Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge også framover. Nye Volda ber derfor Helse Midt-Norge justere føretaksgrensa slik at Nye Volda blir ein del av Helse Midt Norge RHF.

Volda sjukehus er avgjerande viktig for helsetilbodet og beredskapen for innbyggjarane i regionen. Volda sjukehus yter gode og effektive tenester. Fellesnemnda ber om at tilbodet ved Volda sjukehus vert oppretthalde.

Volda kommune har ved fleire høve bedt om faste møter med helseføretaket utan å få svar, og Fellesnemnda ber om at eit slikt møte kjem i stand i nær framtid.

**PS 4/19 Høyring til Fellesnemnda - Samanslåing av Volda og Hornindal kommuner og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin****Administrasjonen si tilråding:**

1. Fellesnemnda meiner at ein skal vidareføre praksis med at bispedømegrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømegrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa.
2. Som følge av tilrådinga om at bispedømegrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prost, Møre bispedøme.
3. Fellesnemnda legg elles til grunn at dei ressursar som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal, vert overført til Møre bispedøme, vidare at Hornindal sine ressursar i Nordfjord prosti vert overført til Søre Sunnmøre prosti. Dette for å sikre ei framleis gode kyrkjeleg teneste for innbyggjarane i Hornindal.

**Handsaming:**

Utdeling av dokument: «KFNV 5/2018: Høyring – samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedøme mellom Møre og Bjørgvin.»

Utdeling av dokument: Vedtak i Kyrkjeleg fellesnemnda for Nye Volda i ovannemnde sak.

Margrete Bjerkvik med framlegg om å byte ut punkt 3 i administrasjonens framlegg til vedtak med den kyrkjelege fellesnemnda sitt vedtak i høyringsuttalen og gitt følgjande framlegg til vedtak:

1. *Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.*

2. *Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.*
3. *Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti.  
Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.*

#### **Røysting:**

Det var 10 røysteføre i saka.

Bjerkviks framlegg til tilføyning til administrasjonen si tilråding fekk 10 røyster.

Resten av administrasjonen si tilråding samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 10.01.2019**

1. Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.
2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.
3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti.  
Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.

#### **PS 5/19 Ordførarkjede for nye Volda kommune**

##### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda tek stilling til Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk sitt framlegg til nytt ordførarkjede...**

##### **Handsaming:**

Jørgen Amdam fremja slikt forslag til vedtak:

1. *Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til nytt ordførarkjede.*
2. *Fellesnemnda vil takke Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk for godt arbeid. Nemnda har no utført mandatet som vart gitt og den praktiske oppfølginga vert utført av administrasjonen.*

##### **Røysting:**

Amdams framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 10.01.2019**

1. Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til nytt ordførarkjede.

2. Fellesnemnda vil takke Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk for godt arbeid. Nemnda har no utført mandatet som vart gitt og den praktiske oppfølginga vert utført av administrasjonen.

## **PS 6/19 Orienteringssaker**

### **OS 1/19 Grafisk profil trinn 2 - val av retning**

Grafia reklamebyrå møtte i Fellesnemnda for å orientere som dei tre retningsvala som dei har utarbeidd. Etter ein gjennomgang av konsept, diskuterte Fellesnemnda kva for eit konsept dei ønskte å gå vidare med. Fellesnemnda konkluderte med at det var ønskjeleg å jobbe vidare med konsept nummer 3: «Digitale Volda – der teknologi og tradisjon møtest».

Med dei tilbakemeldingane som Fellesnemnda ga, vil Grafia vidareutvikle konseptet og levere forslag til endeleg produkt i samsvar med framdriftsplanen.

### **OS 2/19 Forslag om ny prosess til slagord for Nye Volda kommune**

Saka om nytt slagord vart sett i samanheng med sak OS 1/19.

Grafia reklamebyrå ville ikkje leggje føringar på kva nye Volda kommune sitt slagord skulle vere, men gav si objektive meining om at slagord og profil bør samsvare. Fellesnemnda konkluderte derfor med at om ein skal lage eit slagord for kommunen bør dette harmonisere med kommunens profil og må eventuelt seie noko om nye Volda kommune sin identitet.

### **OS 3/19 Oppseiing av samarbeid om felles kommuneoverlege.**

Prosjektleiari Rune Sjørgard presiserte for Fellesnemnda at avtalen no vert sagt opp, men at det ikkje er avklara om ein skal samarbeide om ordninga gjennom reforhandlingar eller om kommunane må ha eigne ordningar. Dette vil bli avklara så tidleg som råd.

### **OS 4/19 Ekom-samband mellom Volda rådhus og Smia på Grodås**

Prosjektleiari Rune Sjørgard orienterte om at det i første omgang er mest kritisk å få på plass fibertilknytning mellom Volda rådhus og kommunehuset Smia. Det vil bli lagt til rette for avtappingspunkt på fibertilknytninga på denne strekninga. Prosjektleiaren ser derimot at administrasjonen ikkje har kapasitet til å følgje opp vidare utbygging frå avtappingspunktta på noverande tidspunkt. Denne prosessen vil bli ta opp att i etterkant av kommunesamanslåinga.

## **OS 5/19 Konkurransse - økonomisk utgreiing - grensejustering mellom Volda og Ørsta kommunar**

Prosjektleiar Rune Sjugard opplyste om dette er ein konkurranse som både Ørsta og nye Volda er ansvarlege for. Konkurranssegrunnlaget for den økonomiske utgreiinga er sendt ut til tre aktørar. Tilboda skal vere sendt inn innan 15. januar.

Møtet slutt: 17:09

Rett utskrift,  
Volda kommune, samfunn og rådgjeving  
11.01.2019

Joakim Rødven  
Sekretær





## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Gymsalen, Folkestad skule  
**Dato:** 07.02.2019  
**Tid:** 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann og prosjektleiar
Ann Kristin Langeland	Rådmann Hornindal
Berit Sandvik Skeide	Planleggjar, PS 10/19 og PS 11/19

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 7/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 8/19	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 9/19	<b>Intensjonsavtale om samarbeid mellom den interkommunale barnevernstenesta og barnevernstenesta i Sande kommune</b>
PS 10/19	<b>Kommunal planstrategi for nye Volda 2020-2024. Oppstart av planarbeid</b>
PS 11/19	<b>Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Plan for nye Volda</b>
PS 13/19	<b>Unit4/Agresso - Volda 2020</b>
PS 12/19	<b>Orienteringssaker</b>
OS 6/19	<b>Nye vegsamband og helseføretaksgrense</b>
OS 7/19	<b>Kartlegging av tenester og eigedommar - Bjørke og Viddal - Grensejustering</b>
OS 8/19	<b>Referat frå styringsgruppemøte mellom Vanylven, Herøy og Ulstein - Blokk samarbeid - 17. januar 2019</b>
OS 10/19	<b>Val i Tussa Kraft AS - 2019</b>
OS 11/19	<b>Odd Harald - representasjon kommunale verv</b>

## **PS 7/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling:

Ingen merknadar.

#### Sakliste:

Det vart ettersending av to saker:

- Ny sak OS 10/19 – Val i Tussa Kraft AS – 2019
- Ny sak OS 11/19 – Odd Harald Sundal – representasjon kommunale verv

Sølvi Dimmen med spørsmål om å drøfte sak om skuleskyss på tvers av fylkesgrenser (ref. elevar i Bjørkedalen). Leiar i Fellesnemnda gav uttrykk for at det vert mest rett at dette vert teken opp i dagens Volda kommune, som eventuelt kan ta dette vidare til Fylkeskommunen.

Eldar Engelund med spørsmål rundt sak om «økonomiske køyrereglar» i Volda kommunestyre. Leiar i Fellesnemnda ønskte å uttrykke at Fellesnemnda skal unngå å blande seg inn i drift av eksisterande kommunar.

Leiar for Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, reiste spørsmål om sak *OS 9/19 - Unit4/Agresso - Volda 2020* burde handsamast som politisk sak sidan det låg framlegg til vedtak i saka. Fellesnemnda kom fram til at det var ønskeleg å gjere vedtak i saka. Saka vart derfor ført opp som ny sak PS 13/19.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent med dei merknadane som ligg føre.

## **PS 8/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Ingen merknadar.

### **Røysting:**

Møteprotokoll frå sist møte samrøystes godkjent.

## **PS 9/19 Intensjonsavtale om samarbeid mellom den interkommunale barnevernstenesta og barnevernstenesta i Sande kommune**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.02.2019**

Fellesnemnd for nye Volda kommune vedtek den intensjonsavtalen som føreligg om samarbeid mellom den interkommunale barnevernstenesta og barnevernstenesta i Sande kommune.

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnd for nye Volda kommune vedtek den intensjonsavtalen som føreligg om samarbeid mellom den interkommunale barnevernstenesta og barnevernstenesta i Sande kommune.**

## **PS 10/19 Kommunal planstrategi for nye Volda 2020-2024. Oppstart av planarbeid**

### **Handsaming:**

Planleggjar Berit Sandvik Skeide møte for Fellesnemnda for å orientere om oppstart av planarbeidet i «nye» Volda kommune.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.02.2019**

1. Fellesnemnda for nye Volda sluttar seg til vurderinga i saksutgreiinga knytt til utarbeiding av felles planstrategi for nye Volda kommune, og tek til vitande statstilskot som er gitt til planstrategi og kommuneplanarbeid for nye Volda vert nytta til formålet.
2. Fellesnemnda for nye Volda kommune ber om at det vert utarbeidd analyse- og utfordringsdokument og heilskapleg ROS som grunnlag for kommunal planstrategi og samfunnsdel for nye Volda kommune.
3. Fellesnemnda for nye Volda ber om at forslag til felles kommunal planstrategi vert utarbeidd og lagt fram for handsaming august/september 2020.

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. Fellesnemnda for nye Volda sluttar seg til vurderinga i saksutgreiinga knytt til utarbeiding av felles planstrategi for nye Volda kommune, og tek til vitande statstilskot som er gitt til planstrategi og kommuneplanarbeid for nye Volda vert nytta til formålet.
2. Fellesnemnda for nye Volda kommune ber om at det vert utarbeidd analyse- og utfordringsdokument og heilskapleg ROS som grunnlag for kommunal planstrategi og samfunnsdel for nye Volda kommune.
3. Fellesnemnda for nye Volda ber om at forslag til felles kommunal planstrategi vert utarbeidd og lagt fram for handsaming august/september 2020.

## **PS 11/19 Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Plan for nye Volda**

### **Handsaming:**

Planleggjar Berit Sandvik Skeide møte for Fellesnemnda for å orientere om oppstart av arbeidet med kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.02.2019**

- Fellesnemnda for nye Volda vedtek å starte arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova.
- Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd framlegg til planprogram, som skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

### **Administrasjonen si tilråding:**

- Fellesnemnda for nye Volda vedtek å starte arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova.
- Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd framlegg til planprogram, som skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

## **PS 13/19 Unit4/Agresso - Volda 2020**

### **Handsaming:**

Saka vart omgjort frå OS 9/19 til ny sak PS 13/19.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.02.2019**

Prosjektplan for Unit4/Agresso - Volda 2020 vert tatt til vitande.

### **Administrasjonen si tilråding:**

Prosjektplan for Unit4/Agresso - Volda 2020 vert tatt til vitande

## **PS 12/19 Orienteringssaker**

### **OS 6/19 Nye vegsamband og helseføretaksgrense**

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, orienterte om brevet som vart sendt til helseministeren.

### **OS 7/19 Kartlegging av tenester og eigedommar - Bjørke og Viddal - Grensejustering**

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, orienterte om at ein har kome godt i gang med å kartleggje eigedommar som skal overførast frå Ørsta kommune til nye Volda kommune.

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om at det meste av overføringar er knytt til infrastruktur (t.d. veg, bru og liknande). Innanfor tenesteyting er det hovudsakleg brannteneste og nokre få som har behov for yting av helsetenester.

Prosjektleiaren avslutta med at denne prosessen handlar om at verdiane som skal overførast må fastsettast. Det er Telemarksforsking som har fått i oppdrag å utføre denne kartlegginga, og prosjektleiaren har stor tru på at dei vil ha ei god og profesjonell tilnærming til prosessen.

### **OS 8/19 Referat frå styringsgruppemøte mellom Vanylven, Herøy og Ulstein - Blokk samarbeid - 17. januar 2019**

Fellesnemnda tok til vitande at det vert jobba for interkommunale samarbeid mellom kommunane i sjustjernesamarbeidet. Det var ei oppleving i Fellesnemnda om at dette var ei positiv utvikling.

### **OS 10/19 Val i Tussa Kraft AS - 2019**

Fellesnemnda tok saka til vitende, og ønskte valnemnda lukke til med valet av nytt styremedlem, med vara, til styret i Tussa Kraft AS.

### **OS 11/19 Odd Harald - representasjon kommunale verv**

Odd Harald Sundal orienterte om at han har meld seg ut av Volda Senterparti, og vil i attverande tid av kommunevalperioden vere uavhengig.